

Leikanger Sokneråd

6750 Stadlandet

Årsmelding 2017

Medlemmer: Kari Leine Balog/ Beate Osdal, Ove Magnus Årvik, Aina Brandal, Fredrik Borgund, Randi Hoddevik, Leif Jonny Prestvik, Annbjørg Hoddevik, Laila Strømsøy, Magne Reksnes.

Varamedlemmer: Norunn Stave, Mette Drage, Alf Sjåstad, Reidun Tvinnereim.

Utvalsmedlemmer:

Fellesrådet: Ove Magnus Årvik, Leif Jonny Prestvik

Vara: Randi Hoddevik og Fredrik Borgund

Gudstenesteutval: Aina Brandal, Randi Hoddevik og Laila Strømsøy

Trusopplæringsaval: Leif Jonny Prestvik

Musikkut.: Ove Magnus Årvik

Seljumannamesse: Ikkje vald medlem.

Revisorar: Palma Hamnøy og Tove Bjørlykke

Soknerådet har hatt 9 møter og handsama 43 saker.

Av kyrkjelege handlingar tek vi med at det har vore 25 gudstenester. Det har vore 9 gravferder, det vart døypt 3 barn og talet på konfirmantar var 11. Viser elles til Årsstatistikk for Den norske kyrkja 2017.

2017 har vore eit meir normalt år enn 2016, då vi hadde jubileums-arrangement. Ein del saker har vi likevel jobba med i tillegg til dei faste sakene som gjeld drifta. Vi hadde bispevisitas i 3. – 7.mai. Biskopen tok opp plasseringa av altertavlene i kyrkja i sitt visitasføredrag. Han var svært kritisk til at den store altertavla var fjerna frå alteret ved 100-årsjubileet (1966) og meinte at den må kome på plass på alteret att. Soknerådet gjorde først eit grunngjeve vedtak(sak 16/17) om å ikkje flytte om på tavlene. I brev av 01.06. 2017 kom biskopen med nye argument og ny oppmoding om å byte om tavlene. Soknerådet tok opp att saka og kom då til eit nytt vedtak (sak 30/17) der vi går inn for biskopen sitt framlegg. Vi skriv i saksutgreinnga at arbeidet med flyttinga ikkje eignar seg for dugnad. I vedtaket ber vi fellesrådet om å stå for det praktiske og økonomiske som dette arbeidet medfører. Om dei vil prioritere dette er ikkje opp til oss å meine noko om, men kanskje kan ein sökje bispedømmerådet om stønad sidan initiativet kjem frå biskopen?

Vi har vi arbeidd vidare med saka om meir lys på kyrkjegarden. Kyrkjeverje Nanda har hjelp oss i ein ganske omfattande søknadsprosess, og i haust fekk vi løyve til å setje opp dei lyspunktene vi hadde søkt om. Lyktene til portstolpane er innkjøpte og prosessen er i gang.

Vi har, som alle veit tilsett ny sokneprest og ønskjer henne hjarteleg velkommen. I halvåret mellom at Kari prest slutta og Eli Johanne Rønneklev tiltredde, gjorde Beate Osdal ein framifrå jobb som vikar. Stor takk til både Kari og Beate.

Dette året arrangerte vi både jule- og nyttårskonsert. Det var eit stort publikum ved begge arrangementa, og vi fekk svært gode tilbakemeldingar på kvalitet og stemning. Hovudarkitekt bak begge desse konsertane er Jon Inge Sigerland. Han gjer ein fantastisk jobb både med dette og med musikken i kyrkja gjennom heile året.

Stadlandet 26.02.2018

Magne Reksnes

Sekr.

Fredrik Borgund

leiar